



Klart for ekstranummer i kveld: Lina Storegjerde resiterar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Heilt frå Anne Guri Frøystein innleia konserten med vårtonar av Øystein Sommerfelt på tverrfløyta si til kor og musikantar runda av med eit ekstranummer frå verket Mariamusik sat tilhøyrarane fengsla i Kvinnheradkyrkja i kveld.

Dette var ualminneleg vakker korsong – med tilhøyrande instrumental tonefylgje.

Konserten til Rosendal Songlag og Røysterett for alle vart eit nytt prov på eit svært vellukka musikalsk samarbeid, organisert og gjennomført av Maria Malmsten. Det var berre så synd at ikkje fleire enn 70 betalande hørde dei 60 aktørane som har gjort eit nytt kjempeløft. Dei som ikkje var der får sjansen søndag ettermiddag – i ei heilt anna kyrkjeatmosfære på Valen.

Det var andre gongen dei to kora song Mariamusik saman - fyrste gongen var i Rosendal før jul i 2008. Denne gongen song dei alle de 12 delane av verket, som er ei samling av eldre tekstar frå fleire land og som er ein fulltonande hyllest til Jesu mor. Verket har også åtte tekstar som blir lese og som fyller ut opplevinga og gjev perspektiv til livet til Maria. Ein skulle kanskje tru at Mariamusik har eit alderdommeleg preg, men det er også fyllt av meir moderne klanger og blir aldri søvndyssande.

Dirigenten hevdar at verket ikkje er spesielt krevjande å framføra, men det har ho nok ikkje heit rett i for her er det utfordringar nok.

Malmsten har gjort ein imponerende innsats med å samkøyra kora og innpassa musikanane: Anne Guri Frøystein og Kristine Bjørøy Hestad på fløyte, Kjell Skarsfjord på cello, Stein Haugen på kontrabass og Pål Gunnar Dale på ymse slaginstrument. Britt Samland er solist og Lina Storegjerde resiterar.

Men konserten i kveld var slett ikkje berre Mariamusik – den vart innleia med ein frisk, ja nærmast vårleg del der kora både fekk presentera seg kvar for seg og song saman. Særleg likte vi "Sommarpsalm" av Rosendal Songlag og "Voggeviser" av Røysterett for alle. Men aller best var kora då dei song "Våren" saman. Då var det like før ein hørde fuglesong i kyrkja.

Kva blir så neste samarbeidsprosjekt.? All respekt for den utruleg energiske og dyktige Maria Malmsten, men tida er no kanskje inne til å satsa på noko anna enn eit svenskinspirert verk? Også vi på vår side av Kjølen har litt av kvart å by på frå songskatten vår....

Av Ola Matti Mathisen